

# Prosjektplan – Fysikk for lærarstudentar

---

*Josef Thingnes og Camilla Blikstad Halstvedt, Halden 2016-09-08*

## Overordna mål

Vi har eit ynskje om å få studentane til å jobbe kontinuerlig gjennom semesteret. Dette trur vi vil auke studentanes tileigning av stoffet og dermed auke gjennomføringsgrada i kurset. For å få til dette har vi sett opp tre konkrete mål.

## Konkrete mål

- Lage 6 videoar, ein for kvart tema i kurset, og undervisningsopplegg knytt til desse
- Lage 10 vekeoppgåver og eit opplegg for kameratvurdering
- Lage en plan for dei to undervisningsdagane (torsdag og fredag) der bruken av videoane og vekeoppgåvene inngår

## Tidsplan

Vår intensjon er å gjere alt arbeidet i haust saman. Vi har på dei oppgitte dagane satt av tid i kalenderen vår til dette prosjektet.

Tid som vi har sett av til produksjon av videoar, har vi i oversikta kalla «Filming». Dette inneber både for- og etterarbeid til sjølve filminga.

Vi ser for oss at vi brukar ein dag til å prøve oss fram og planlegge korleis vi legg opp det faglege innhaldet i videoane (torsdag 20. september). Denne dagen skal munne ut i ein meir konkret plan for korleis dei ulike videoane skal lagast og kva tema dei skal ha.

Torsdag 20. og fredag 21. oktober er det naturfaglærarkonferanse i Oslo. Vi har lyst å prøve å lage ein video iden forbindelse, kanskje eit intervju med ein anna fysikklærer, kanskje vise fram pendelinstallasjonen i fysikkbygningen eller rett og slett filme eit av dei didaktiske opplegga som vert vist fram. Vi held denne litt open og ser den som ein bonus.

## Detaljert plan haustsemesteret

Dato	Aktivitet	timetal
Tysdag 30.8.2016	Kurssamling fysisk	4
Onsdag 31.8.2016	prosjektskildring	3
Torsdag 8.9.2016	prosjektplan	3
Torsdag 22.9.2016	Pilotfilming og faglig planlegging	8
Torsdag 29.9.2016	Kurssamling nett + filming	8
Torsdag 20. el fredag 21.10.2016	Ev. filming i Oslo	3
Måndag 24.10.2016	Kurssamling fysisk	4

Torsdag 27.10	Filming	4
Onsdag 2.11.2016	Filming	8
Torsdag 17.11.2016	Filming	8
Torsdag 1.12.2016	Filming + Kurssamling nett	8
Tysdag 13.12.2016	Filming	6
	<b>Sum</b>	<b>67</b>

I tildelinga har vi fått NOK 80 000,- til prosjektet. Sidan vi jobbar i lag vil summen av vår timekostnad gå med kvar time:  $435 + 428 = 863$ . Dermed kan vi rekne ut at vi har 93 timar kvar å legge på prosjektet. I tillegg får vi 50 timar kvar til sjølve kurset. Vi har derfor totalt 143 timar kvar til dette arbeidet. Vi trur det er rimeleg å bruke 67 av desse timane no i haust. Kurset vi skal undervise går til våren og mykje av rapporteringa i digitaliseringskurset kjem til våren, så det er nok greitt å ha att timar til det.

### Ikkje så detaljert plan for vårsemesteret

Tema	Dagar	Timar/dag	Timar
Lage detaljert plan for vårsemesteret i både fysikkurset og digitaliseringskurset	1	8	8
Ferdigstille ein vekeplan og Lage eit opplegg for kameratvurdering	1,5	8	8
Lage vekeoppgåvene som skal inngå i kameratvurderinga	3	8	24
Fysiske og nettbaserte møter i kurset	2	8	16
Undervegsrapportering og sluttrapport	2	8	12
Sum	9,5	8	76

Som det går fram av tabellane over ser vi for oss å bruke noko meir tid i vårsemesteret enn i haustsemesteret, men like vel vere ferdig med sjølve produksjonen av filmene i haust.